



Helse Førde Hf
Postboks 1000
6807 Førde

Vår ref.
26/16-1

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Gunn Lerøy

Direkte nr

Arkiv

Dato:
07.01.2026

ROS-analyse og konsekvensar for pasienttryggleik, samfunnstryggleik og beredskap i samband med planlagt nedbygging av Lærdal sjukehus

Lærdal kommune syner til prosess knytt til føreslegne strukturendringar ved Lærdal sjukehus, herunder forslag om nedlegging av ortopedien, skadepoliklinikk og God Start tilbodet ved sjukehuset.

Som vertskommune for Lærdal sjukehus, og med ansvar for interkommunal legevakt, kommunale helse- og omsorgsteneste og lokal samfunnstryggleik, har Lærdal kommune gjennomført ei eiga risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS - analyse). Analysa er utarbeidd av kommuneoverlege/legevaksjef, kommunedirektør, beredskapskoordinator og helsefagleg personell i Lærdal kommune.

Føremålet med analysa er å vurdere konsekvensar for pasienttryggleik, akuttberedskap, samfunnstryggleik og totalberedskap i Indre Sogn, som følgje av dei føreslegne endringane. ROS-analysen omfattar konsekvensar for fleire kommunar i regionen, samt for transportårer av nasjonal betydning mellom aust og vest.

Analysa syner eit samla risikobilete der fleire område vurdert til høg eller kritisk risiko. Det gjeld særleg:

- svekka akuttmedisinsk og traume beredskap
- auka responstid og transportavhengigheit
- redusert evne til lokal stabilisering ved alvorlege skadar og hendingar
- auka belastning og oppgåveoverføring til kommunale teneste
- svekka fødsels- og barselberedskap
- vesentleg svekking av samfunnstryggleik og totalberedskapen i regionen

Lærdal kommune si vurdering av den totale risikoen som kjem fram i analysa, er at dei føreslegne endringane kan medføre tap av liv, varig helseskade og systemsvikt i akuttkjeda.

Kommunen ser ikkje at risikoen kan kompensera gjennom kommunale tiltak innafør dagens rammer og ressursgrunnlag.

Den føreslegne endringa i tenestetilbodet må sjåast som endeleg. Området vil bli tappa for spesialisert helsepersonell. Å reetablere desse tilboda seinare vil koste tid, innsats og pengar i rekrutteringsarbeid. Det vil i praksis vere umogleg. Helsetenestetilbodet, medisinsk og helsemessig beredskap vil være svekka for all tid.

Me ber om at ROS - analysa vert lagt til grunn i vidare vurderingar og i samband med vedtak knytt til framtidig organisering av spesialisthelsetenestene i regionen, og at lokale og regionale beredskapsomsyn vert tillagt stor vekt.

Med helsing

Gunn Lerøy
kommunedirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Dok.dato
07.01.2026

Tittel
ROS - analyse

Dok.ID
259800